



Høgskolen i Hedmark

LUNA

1 GLU 5-10, emne 3: Språkleg fordjuping – våren 2016

Målform: nynorsk

Eksamen (5 timar)

1. juni 2016, kl. 09.00-14.00

Oppgavesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå ulike delar av pensumet for emne 3, Språkleg fordjuping, slik det er spesifisert i studieplanen. Du skal svare på to sjølvvalde oppgåvedelar og på minst 4 av dei 5 delspørsmåla under kvar del. Begge oppgavesvara skal vere på nynorsk. Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan egne merknader/markeringar)

A Fonologi og morfologi

- 1) Forklar forholdet mellom lydar og bokstavar i norsk på ein slik måte at elevar kan skjønne det, men der du også bruker og forklarar fagterminologi.
- 2) Forklar forskjellen mellom vokalar og konsonantar på ein måte som også er forståeleg for elevar. Forklar også dei ulike måtane vi bruker for å klassifisere vokalar og konsonantar.
- 3) Forklar elevane korleis ein kan definere ord frå ulike perspektiv, t.d. fonologisk, morfologisk og syntaktisk.
- 4) Forklar elevane dei ti ordklassane i norsk ved hjelp av klassifiseringskriterium og døme.
- 5) Lag eit ord som er ei samansetjing, og som inneheld både rotmorfem, avleiingsmorfem og bøyingsmorfem, og forklar kva som er kva for elevane.

B Syntaks og tekstlære

- 1) Forklar forholdet mellom dei ulike potensielle setningsledda ein kan ha i ei norsk setning, på ein slik måte at elevar kan skjønne det, men der du også bruker og forklarar fagterminologi.
- 2) Forklar setningsskjemaet (feltskjemaet) på ein måte som også er forståeleg for elevar. (Du treng ikkje å bruke tabell eller teikne på nokon måte dersom du finn det vanskeleg i tekstverktøyet som blir brukt ved denne prøva.)
- 3) Forklar elevane fagtermane V2 og SVO.
- 4) Forklar på ein måte som elevar forstår, at språk har ei formside og ei funksjonsside.
- 5) Forklar elevane dine forskjellen mellom ekspressiv, referensiell og mellommenneskeleg funksjon.

C Språkhistorie og dialektologi

- 1) Forklar forholdet mellom gammalnorsk og moderne norsk på ein slik måte at elevar kan skjønne det, men der du også bruker og forklarar fagterminologi.
- 2) Forklar elevane korfor ein har skrive dansk i Noreg i fleire hundre år.
- 3) Forklar på ein måte som elevar forstår, korfor vi har to norske skriftspråk i Noreg i dag.
- 4) Forklar elevane kva Språkrådet er.
- 5) Forklar på ein måte som elevar forstår, korleis ein kan bruke visse målmerke for å lage ei grov inndeling av dei norske dialektene.